



Skaldyraa er den store slagar på Systrene Nilsen. Dette biletet vart teke i 2012

**Systrene Nilsen - eller Vertshuset om ein vil - vaknar til eit nytt sommarliv på torsdag og for tredje år på rad**

**er Karoline Neset dagleg leiar for det som skal skje. Og det er framom alt ein serie med skaldyrkveldar med sesongopning torsdag som Karoline reknar med vert starten på ein ny suksess. Kvar torsdag fram til skulestart vert det servert skaldyr, men det stoppar sjølvsagt ikkje med det.**



[Karoline Neset](#), her med søtsaker på heimebane, er klar for ein ny sommarsesong

Karoline, som denne sommaren skal kokka saman med Janikke Ljosnes, kjem til å lokka med komle på søndagar frå og med kommande søndag. Det vert som ifjor også tapaskveldar når fellesferien startar. Men den sikra vinnaren er nok altså



skaldyra også i år og Karoline reknar med fullt hus allereie denne torsdagen.

Men Systrene Nilsen vil ikkje berre lokka med mat og drykk - på laurdag vert det allsong ved sjøkanten. Trubadurane Kristian Olav Bringedal og Reidar Myklebust startar klokka 15 og dei vert assistert av to lokale gjeste-artistar - veteranane Hans Gustav Musland på trekkspel og Per Myklebust på trompet. Planen er at kvartetten skal koma att ein gong i juli.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Trubadurane Reidar og Kristian samt gjesteartist Hans Gustav kjem til Systrene Nilsen på laurdag